

Framifrå og autentisk

Rønnaug Kleiva tek oss med på mange små og alltid engasjerande reiser.

ROMAN

RØNNAUG KLEIVA:

Armenia, Albania, Argentina

DET NORSKE SAMLAGET 2012

Kleiva høyrer til A-laget i norsk skjønnlitteratur. I bok etter bok har ho synt at ho kan skriva nøytralt om det vonde, distansert om det nære og intenst om det kjensleladde. Slik oppnår ho det vi kan kalla fiktiv autentisitet, eller autentisk fiksjon. Ein veit at det meste er oppdikta, men ein trur det likevel, på eit vis er det sanning.

MANGFALDIGE REISER

I den nye romanen, *Armenia, Albania, Argentina*, er teksten absolutt plausibel, for boka er ei reiseskildring skriven i 1. person, av ei viss Rønnaug. Reisa er mangfaldig, eller reisene er mange. Kleiva tek oss med på mange små etappar, der ho med einestående effektivitet teiknar situasjonar, lagnader, landskap og opple-

vingar slik at det heile tida er engasjerande.

Rønnaug i teksten kjem lett i prat med folk, på bussar, tog og andre stader. Ved somme høve nemner ho at kommunikasjonen er problemfylt, andre stader vert det sagt kva språk samtalane går på, og ved nokre tilfelle får ein tru at situasjonens lingua franca var nynorsk. Og då er det sjølv-sagt slik!

FREISTANDE BYTTE

Nokre gonger skildrar ho dei ho støyter på, med to–tre ord, andre gonger portretterer dei seg sjølv gjennom lengre samtaler, og med ørsmå grep maktar forfattaren å syna lesaren kva dei framande truleg eigentleg vil. På reisene i Europa og asiatiske hoftekar er ei einsleg, vestleg kvinne eit freistande bytte på ymse vis, og mange vil ha eitkvart av henne, som ein drosjesjåfør i Makedonia, som på død og liv vil skaffa henne eit rimeleg hotellrom. Slik går praten:

«Eg gjer kva som helst.

Nei takk.

Du vil ikkje angre.

Nei?

Eg ser på tennene hans. Mørke høl viser at han manglar nokre tenner på sidene, endå han på ingen måte er urgammal.

Nei, seier eg.

Du kjem til å angre, seier han.»

Så enkelt kan det seiest, og slik gjer Kleiva det heile tida i denne flotte boka. Det vesentlege ovrar seg ved eit nesten umerkeleg brigde i ordvalet, og brått ser lesaren situasjonen så å seie tredimensjonalt. Her er det ikkje bruk for intellektuelt jåleri som assosiasjonar til leksikalsk kunnskap, eller feite framandord. Det private og personlege er nok, det syner seg som representative røynsler, noko å kjenna seg litt att i, og læra av, eller forstå ting annleis av.

FRENETISK REISING

Det er ei temmeleg frenetisk reising i denne boka, heile tida vidare, med mange mål, men ingen endelege, utanom døden, og før den aldringa og erkjenninga av korleis den kan arta seg, kan-

skje særleg for kvinner: «Gamle og halvgamle kvinner går forbi. Ingen løftar blikket og ser på dei, undrar seg på kven dei er, kvar dei kjem frå, kvar dei skal. Også eg er i ferd med å bli ei slik kvinne, snart usynleg for andre enn seg sjølv.» Men ho er ikkje heilt der enno, for framleis har ho, etter det ein turkamerat mot Olympens topp seier: «ein flott kropp å gå bak.»

Det alltid presise språket, dei skarpe observasjonane og intelligente refleksjonane er mellom mange aspekt som gjer denne boka til framifrå litteratur, og samlar alle småforteljningane i ein sterk roman om eit klokt menneske som enno har god appetitt og eigne, sterke tenner. Det einaste ho eigentleg vantar, er overlevingskniven som ho misser på Olympen. Eg vil difor vurdere å låna henne flyøksa mi eller reiseljåen. Men forresten greier ho seg godt utan.

ODD W. SURÉN

Odd W. Surén er forfatter og fast bokmeldar for Dag og Tid.



Alltid presist språk, skarpe observasjonar og intelligente refleksjonar.